

Elevar fekk bryne seg på fiskeolje og avløpsvatn

Biologi-elevar frå Haram vidaregåande skule fekk ta i bruk det dei lærer på skulen i ein ny samarbeidsordning med fokus på realfagsatsing.

-Vi er veldig imponerte over resultatene, dei er dyktige elevar, seier Birgitte Ansok. Ho er ein av mentorane ved Marine Ingredients som var med å lære elevar frå HVS dei daglege oppgåvene hos bedrifta som produserer ulike produkt av fiskeolje.

Mentorordning

Frå initiativ ved HVS har skulen og Marine Ingredients samarbeida om å gi elevar som studerer biologi ein moglegheit til å bruke kunnskapen dei får på skulen i praksis. Dette skjer ved at elevar får opplæring av fagpersonar ved ei bedrift knytt til faget.

Ordninga blir kalla Lektor2, og er ei nasjonal realfagsatsing finansiert av Kunnskapsdepartementet.

27 elevar frå forskjellige kull i biologi blei delt i grupper og jobba blant anna med forsøk på emulsjon, ulike renseteknikkar på avløpsvatn, og å få triglyserid i fiskeolje om til etylester for å skape høgast mogleg konsentrasjon av omega 3-feittsyrer.

Bestod minimumskrav

Spesielt elevane som hadde i oppgåve å gjere om triglyserid til etylester imponerte mentorane.

- Det er eit minimumskrav om kor mykje etylester ein kan ha i fiskeolje, alt over 93% er godkjent. Nokre av elevane klarte å produsere fiskeolje med 97%, det er veldig bra, seier Birgitte Ansok.

Birgitte Ansok, William



AVSLUTNING Elevar fortel resten av klasserommet kva dei har lært frå utplasseringa ved Marine Ingredients. Begge foto: Peder Skjelten

Breivik, og Inger Ann Hjelte er nøgde med elevane og prosjektet, dei ser ikkje bort frå at Marine Ingredients vil gjenta dette med HVS seinare.

- Det er kjekt å få besøk og å vere med på dette, og å sjå kor flinke elevane er, seier Hjelte.

- Det kan godt hende vi blir med å gjenta dette, vi sit igjen med positivt inntrykk etter denne første gongen, seier Breivik.

Variasjon hjelp

Ei som imponerte mentorane var Dana Haberberger. Ho synest prosjektet var til god nytte for å sjå korleis det ho blir lært på skulen kan brukast i praksis.

- Det var veldig kjekt å vere

med på. Det er greitt å ha variasjon frå å sitje på skulen og jobbe med pensum til å vere ute i praksis og ta det ein lærer i bruk, då gir også det vi driv med på skulen meir mening, seier Dana Haberberger.

- Det var ikkje så vanskeleg. Litt hardt, men eg følte eg forstod det ganske godt, seier Haberberger.

- Er dette noko du kunne tenke deg å jobbe med i framtida?

- Kanskje ikkje akkurat dette, men eg har tenkt å jobbe innan forskning i framtida, seier Haberberger.

PEDER SKJELTEN
peder@nordrenett.no



SAMARBEID Tre mentorar frå Marine Ingredients til venstre og fem elevar frå Haram vidaregåande skule til høgre.